

<i>Sak nr.:</i>	33/2014	<i>Arkiv nr.:</i>	434.0	<i>Møtedato:</i>	01.09.2014
<i>Saksbehandlar:</i>	Odd Repp				

Høyringsak.

Uttale til forslag om endringar i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag m/sentrale forskrifter.

Sakspapir:

- Høyringsdokument

Saksutgreiing:

Med høyringsfrist sett til den 19. sept. har Klima- og miljødepartementet sendt ut til høyring eit forslag til endring av Motorferdsellova og til Forskrift for motorkjørety i utmark og på islagte vassdrag. Forslaget gjeld innføring av høve for kommunane til å etablere snøscooterløyper for fornøyleseskjøring.

Høyringsdokument frå departementet er vedlagt saka.

Opplysningar og merknader:

Før motorferdsellova kom i 1977 hadde fjellstyret og Statskog ein streng praksis for kva dei tillot av kjøring i utmark og på ubrøyta vegar om vinteren i statsallmenningen. Den køyringa Statskog/fjellstyret gav løyve til, var nesten utelukka berre køyring knytt til drifta av alle turisthyttene i allmenningen og til tamreindrifta. Da lova kom i 1977, og seinare da den nasjonale forskrifta kom i 1988, vart dette i røynda ei liberalisering av den strenge praksisen som tidlegare hadde vore ført frå fjellstyret og Statskog SF i fellesskap. Men kommunen har tolka lovverket strengt, og køyringa i utmark må seiast å ha vore halde på eit lågt nivå. Nødvendig køyring ut over det som gjeld køyring i næring, har i stor grad vore utført av leigekøyrarar. Dette har gjort at det i kommunen er relativt få andre enn dei næringsdrivande og oppsynsmannskapet som har snøscooter. Det har derfor heller aldri vore noko press frå brukargrupper som ynskjer tilrettelegging med snøscooterløyper for fornøyleseskjøring.

Lom kommune var ei av dei 8 kommunane som var med i forsøksordninga som kom i gang i 2002. Forsøket gjekk ut på å leggje motorferdsel inn under arealforvaltninga i medhald av Plan- og bygningslova, slik at kommunane fekk større rom for lokaltilpassa forvaltning. Kommunestyret uttala den gongen at dei ynskde ei vidareføring av gjeldande praksis med streng haldning til motorferdsel, og det vart ikkje vedteke ordningar som opna for meir bruk av snøscooter.

Reiselivet er ei viktig næring nasjonalt, og i profileringa av landet som reiselivsdestinasjon har m.a. den urørte naturen og den ro og stilla som er i fjellet og utmarka her, vore brukt. Ikkje minst besøkjande i vår del av landet uttrykkjer at dette er ein viktig grunn til at dei søkjer hit. Tilrettelegging for snøscooterløyper vil bryte med det tradisjonelle friluftslivet og den imagen Norge har etterstreva å få som eit land med mykje "urørt" natur og villmarksområde. Det er nok å gå over landegrensa til nabolandet, så er det heilt andre tilstandar med omsyn til den motoriserte ferdsele i utmarka, og denne utviklinga er vanskeleg eller umogleg å reversere.

Sjølvs om det vil vera opp til kvar enkelt kommune å bestemme om det skal opnast for fornøyleseskøyting, så vil presset på dette bli så stort frå enkelte grupperingar, at dei folkevalde vanskeleg klarar å stå imot dette. Og dersom det fyrst vert opna for dette, er det utopi å tru at dette kan trekkjast attende.

Fjellstyret si uttale:

Lom fjellstyre går sterkt imot at motorferdsellova vert endra slik at kommunane vert gjeve høve til å opne for fornøyleseskøyting med snøscooter.

Ei opning for dette vil føre til store negative miljømessige konsekvensar som er heilt unødvendige. Aktiviteten vil medføre auka luftforureining, støy, terrengslitasje og forstyrting av dyrelivet og fuglelivet. Det vil heller ikkje samsvare med den tradisjon landet har som ein arena for det enkle friluftslivet i uforstyrta villmark.

Lom kommune er ein stor og kjend reiselivsdestinasjon med Jotunheimen som den store merkevara, med besøkjande av mange nasjonalitetar. Det mange oppsøker og grunnleggjend som årsak til besøket i vårt område, er den urørte naturen, og den ro og stilla dei finn i fjellet og utmarka her. Auka motorisert ferdsel vil vera uheldig og negativt i høve til desse kvalitetane.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Norges fjellstyresamband, som e-post
- Klima- og miljødepartementet, som e-post
- Lom kommune, som e-post